

Forslag kandidat Anders Forsdahls minnepris:

Per Steinar Stensland

Per Steinar Stensland er cand. med frå Oslo i 1974. Han vart spesialist i samfunnsmedisin i 1984 og spesialist i allmenntmedisin i 1985. Etter turnus- og sivilteneste var han distriktslege i Hadsel frå 1977 til 1981. Han har så vore samanhengande distriktslege/kommunelege/fastlege i Sogndal fram til han vart fylkeslege i Sogn & Fjordane i 2011, kun avbroten av eit toårig opphald i Botswana, som Senior District Medical Officer frå 1987 til 1989.

Parallelt med dette har han i heile si karriere drive omfattande forskings- og fagutviklingsarbeid. Han vart vitenskapleg assistent ved Institutt for allmenntmedisin i Bergen i 1985 og hatt kontinuerleg engasjement ved universitetet sidan, først som hjelpelærer, seinare førsteamanuensis og sidan 2013 som professor. Han vart dr. med. i 2003 på ei kvalitativ studie om lege-pasient kommunikasjon. Han har vegleia eit viktig PhD-arbeide om fastlegar sin innsats med livsstils-vegleriing. Han har også lagt ned eit betydeleg arbeid med å opprette og drive Nasjonalt senter for distriktsmedisin i Tromsø, som medlem av fagrådet, leiar av programrådet og forskingsleiar.

På to område har han lagt ned ein spesiell innsats: i arbeidet for kvalitet, profesjonalitet og etisk standard i allmenntmedisin, samt i arbeidet for eit likeverdige og solidarisk helsevesen med stabil lege- og helsetenester også i dei små distriktskommunane. Han har bidrege med førelesingar og publikasjonar, arrangert ei rekke kurs og hatt mange kreative innspel i forskning og fagutvikling. Han har vore turnusgruppevegleriar, i mange år styremedlem i Norsk selskap for allmenntmedisin (NSAM), og leiar for internasjonalt utval i NSAM. Han har også vist ei spesiell interesse for barn og barnepsykiatri, og evna å anvende familiesystemiske perspektiv i arbeidet på dette feltet.

Han har sterke kontaktskapande eigenskapar og er eit usedvanleg raust medmenneske og kollega.